

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

Jenny Følling (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, KrF og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Det må leggast fram ei statusoppdatering om framdrift, tilrettelegging av infrastruktur og kor langt ein har kome med omlegginga etter to år.»

Følling trekte forslaget.

Trude Brosvik (KrF) sette fram forslag om å utsetje saka.

Brosvik trekte forslaget.

Frank Willy Djuvik (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Det vert ikkje innført forskrift med innføring av miljøkrav for drosjenæringa no.
2. Hovedutval for samferdsel og mobilitet forventar at drosjenæringa sjølv tek grep for å få ned samla utslepp knytt til sin aktivitet, og vurderer dei bedriftsøkonomiske sidene ved dette.
3. Hovedutval for samferdsel og mobilitet ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram.»

Det vart ikkje votert over forslaget då det vart fremja utsetjingsforslag i saka.

Jenny Følling (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, KrF og SV fram slikt forslag om utsetjing:

«Saka vert utsett.

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram og satsinga som ligg inne i budsjettet på hurtigladepunkt vert gjennomført. Dette vil legge til rette for at drosjene kan legge om til utsleppsfree køyretøy
2. Hovudutvalet ber om ei betre utgreidd sak der ein ser på grenseproblematikk og konsekvensar ved innføring i einskildkommunar, helsekøyring, og konkurransevridning ved å fase inn miljøkrav i drosjenæringa i Vestland fylke før nye lovkrav i 2025.»

Frank Willy Djuvik (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag om utsetjing:

- «1. Saka vert utsett til 2024. Utvalet forventar at ein kjem tilbake med ei sak om praktiske konsekvensar av innføringa av nytt lovkrav innan 2025.
2. Det vert ikkje innført forskrift med innføring av miljøkrav for drosjenæringa no.
3. Hovedutval for samferdsel og mobilitet forventar at drosjenæringa sjølv tek grep for å få ned samla utslepp knytt til sin aktivitet, og vurderer dei bedriftsøkonomiske sidene ved dette.
4. Hovedutval for samferdsel og mobilitet ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram.»

Avrøysting utsetjingsforslaga

Følling og Djuvik sine utsetjingsforslag vart sett opp mot kvarandre for avrøysting.
Følling sitt forslag fekk 9 røyster (Sp, A, MDG, SV, KrF) og vart vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram og satsinga som ligg inne i budsjettet på hurtigladepunkt vart gjennomført. Dette vil legge til rette for at drosjene kan legge om til utsleppsfrie køyretøy.
2. Hovudutvalet ber om ei betre utgreidd sak der ein ser på grenseproblematikk og konsekvenser ved innføring i einskildkommunar, helsekøyring, og konkurransevridning ved å fase inn miljøkrav i drosjenæringa i Vestland fylke før nye lovkrav i 2025.